

Fra: Ketil Tjore <ketil_tjore@hotmail.com>
Sendt: fredag 13. januar 2023 01:15
Til: Postmottak Alver
Emne: Merknad til "Detaljregulering for Lonena Aust"

Her er merknader, merka vedlegg/dokument det er til, jamfør lista gitt i:

<https://www.alver.kommune.no/innhald/politikk-og-hoyringar/hoyringar-og-kunngjeringar/detaljregulering-for-lonena-aust--offentleg-ettersyn-og-hoyring/?fbclid=IwAR1KFUKkm3Fz4EoXafIbTbqQE0FoT2zLL4OjClgd7TOXOSCVMFqalaYiTeg>

Vedlegg 3 og 4, jamfør vedlegg 18 og 19:

Kommentar:

- For kryss Lonsvegen/E39 må det veljast rundkjøring, som vist i Plankart 4 av 4 alt B_15.6.2022
- Rundkjøring får farten ned, og reduserer trafikkstøjen for naboen, som uansett løysing får vegen tettare på seg.
- Rundkjøring er tryggare enn vanleg kryssløysing.

Vedlegg 5 - Føresegnerne

§ 4.1.1.4 Parkering og snuareal (§ 12-7 nr. 1)

Bilparkering

b) Det skal etablerast 1 bilparkeringsplass per bueining.

c) Alle parkeringsplassar innanfor området skal vere tilrettelagt for lading.

d) Minimum 5% av felles parkeringsplassar (avrunda opp til nærmeste heile plass) skal vera reservert for menneske med nedsett funksjonsevne.

e) Minimum 5% av felles parkeringsplassar (avrunda opp til nærmeste heile plass) skal vera reservert til gjesteparkering

Kommentar:

- 1 bilparkeringsplass per bueining er heilt urealistisk. Mange av desse husstandane vil ha to bilar, anten to elektriske eller ein elektrisk og ein bensin/diesel. Det er berre å ta ei oppteljing i dei felte langs Lonsvegen der kommunen har godkjent ei tilsvarande parkeringsdekning, der er det parkering av fastbuande langs communal veg, på gjesteparkering, på ledig areal, med meir.
- Minstekravet må vera to bilar per bueining, pluss gjesteparkering.
- Gjerne under bakken slik det delvis er lagt opp til.
- 5 prosent til gjesteparkering er også veldig lite, det skal ikkje vera meir enn eitt barnebursdagsbesøk før det er parkeringsproblem.
- Sjølvsagt vil mange ta buss eller båt til jobb. Men dei har i bilar i tillegg.

Sykkelparkering

f) Felles parkeringsanlegg for sykkel skal ligge sentralt til tilkomstsituasjon med sykkel der denne blir nytta som hovudtransportmiddel. Fellesanlegg må dertil delast opp tilsvarande og etablerast fleire stader. Fellesanlegg skal legge til rette for deleordning av el-syklar og transportsykler, med tilhøyrande moglegheiter for lading og parkering under tak. Fellesanlegg kan nyttast til felles reiskaps-/verkstadsbod på bebuarar sitt initiativ.

Kommentar:

- Usikker på kva som er meint her om tak. Det som derimot er heilt sikkert, er at det regnar mykje her i Knarvik. Sykkelparkering må ha tak, ligga slik at det er synleg for mange (redusera tjuveri), og det må vera mogleg å både låsa sykkelen fast samt låsa rommet (nøkkelskloss eller liknande).
- Dette gjeld også sykkelparkering i § 4.1.2 B om bustader - om det ikkje skal vera tak over er det jo berre snakk om to kvadratmeter tilgjengeleg uteplass.

§ 4.1.1.5 Uteoppahaldsareal (§ 12-7 nr. 4)

b) *Fellesarealet skal ha følgjande kvalitetar:*

...

- *Gode lokalklimatiske tilhøve, inkludert sol på minimum 50 % av arealet kl. 15.00 vårjamdøgn*

Kommentar:

- Dette er jo byråkratisk språk for å fortelja at over halvparten av utearealet kan ligga i skygge etter skule- arbeidstid, når dei fleste er heime og har bruk for utearealet. Om det ikkje er sol, kva skal då vera "gode lokalklimatiske tilhøve"?

Vedlegg 10. illustrerande-prosjekt_25.5.2022.pdf

- Her står det om stien gjennom området at "Vi har valgt å bevare stien sammen med en god buffersone på begge sider." Når ein ser det opp mot illustrasjonane i same vedlegg, er det litt usikker kva som er rekna som "god buffersone". Stien blir liggande tett på med lågblokker på begge sider.

Vedlegg 17 - Trafikkteknisk vurdering 26.03.22.docx

2 Vurdering av alternative prinsippløsninger/krysstyper

Dagens kryss er vikepliksregulert T-kryss med ett gjennomgående kjørefelt i hver retning på fylkesvegen. Det er i tillegg venstresvingefelt fra nord på fylkesvegen. Juvikstølen kobler seg på hovedvegen ved en relativt krapp kurve på fv.57, radius ca. 50 m. Registrert stigning på fylkesvegen sør for krysset er 6 % og knapt 9 % nord for krysset. Det er brattest opp bakken i innersvingen.

Det er et signalregulert gangfelt over fylkesvegen i dag (anlegg 528).

På grunn av stigningsforholdene er det ikke mulig å etablere en rundkjøring. Derfor har en valgt å beholde utformingen av krysset som T-kryss...

Kommentar:

- Det er jo ikkje sant at det "ikke er mulig" å laga rundkjøring. Vedlegg 12.geoteknisk-notat_19-og-30.5.2022.pdf viser jo tvert i mot at det er rikeleg med fast fjell i området, med berg i dagen like utanfor dagens veg. Det er sikkert dyrt å bygga opp vegen for å laga rundkjøring, men det er jo fullt mogleg.
- Løysinga som er skissert med lysregulert kryss vil gje stopp og stans i "Gymnasbakken", fylkesveg 57 opp mot krysset, og som forsyningslinje mellom anna til Mongstad er det ein del tungtransport som ikkje er tent med å stoppa i bakken.
- Om utbyggjar skal sleppa kostnaden med rundkjøring, er det betre å ha eit vikepliktkryss som i dag. Så vil dei som kjører frå dei nye bustadene ta det valet å kjøra ned til E39, der det må vera ei rundkjøring som sikrar flyt.

Mvh

Ketil Tjore

Juvikstølen 52

5916 Isdalstø